



VINDAFJORD  
KOMMUNE

## KONKURRANSEGRUNNLAG

Open anbodskonkurranse  
etter forskrifta del I og III

for anskaffing av

Vårvedlikehald kommunale  
vegar og parkeringsplassar

Varigheit 2 år med opsjon med 1+1 år.

Dato 08.02.2024





## Innhald

<b>1</b>	<b>GENERELL BESKRIVELSE .....</b>	<b>3</b>
1.1	Oppdragsgjevar .....	3
1.2	Anskaffing .....	3
1.3	Kontrakt .....	4
1.4	Varigheit .....	4
1.5	Verdi .....	5
1.6	Deltilbod .....	5
1.7	Viktige datoar .....	6
1.8	Forbehold .....	6
<b>2</b>	<b>REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBUD .....</b>	<b>6</b>
2.1	Anskaffingsprosedyre .....	6
2.2	Krav til lærlingar .....	7
2.3	Offentlegheit og teieplikt .....	7
2.4	Vedståingsfrist .....	7
2.5	Kommunikasjon .....	7
2.6	Språkkrav .....	7
2.7	Oppdatering av konkurransegrunnlaget .....	7
2.8	Tilleggsopplysningar .....	7
<b>3</b>	<b>DET EUROPEISKE EGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD) .....</b>	<b>8</b>
<b>4</b>	<b>KVALIFIKASJONSKRAV .....</b>	<b>8</b>
4.1	Leverandørens registrering, autorisasjon mv. ....	8
4.2	Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet .....	9
4.3	Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar .....	9
4.4	Underleverandørar .....	9
<b>5</b>	<b>TILDELINGSKRITERIER .....</b>	<b>9</b>
5.1	Evalueringsmetode .....	10
5.2	Evalueringsmetode .....	10
<b>6</b>	<b>INNLEVERING AV TILBUD .....</b>	<b>11</b>
6.1	Tilbodets utforming .....	11
<b>7</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>11</b>



# 1 GENERELL BESKRIVELSE

## 1.1 Oppdragsgjever

Vindafjord kommune ligg på Haugalandet, nordaust i Rogaland fylke. Kommunen har i underkant av 9000 innbyggjarar. Kommuneadministrasjonen ligg i Ølen. Kommunen har eit samansett næringsliv, hovudsakeleg basert på industri, landbruk og tenesteytande næring. For meir info sjå [www.vindafjord.kommune.no](http://www.vindafjord.kommune.no)

## 1.2 Anskaffing

Vindafjord Kommune skal anskaffa kjøp av tenester for å ivareta vedlikehald/drift av kommunale vegar, fortau og plasser iht vedlagte kart. I dette inngår kosting/opsamling av grus/strøsand. Vegar og plasser skal reingjerast frå/mellom 1 april, og seinast før 10.mai.

Reinhald skal skje på heile den asfalterte vegbreidda, inkl der gras og liknande har vakse ut i asfaltert vegbane. Det same gjeld fortau og plassar som vist på kart.

Dumpar ved sluk og liknande må spesielt ta omsyn til, slik at det ikkje blir liggande grus/strøsand i fordjuping. For å unngå for mykje støv, må kosteutstyret kunne sprøyte vatn eller ha andre støvdempande tiltak. Det er ei forutsetning at leverandøren gjer seg kjent med rodene iht. vedlagte kart før innlevering av tilbod.

Leverandøren må ha en representant som beherskar norsk språk.

Me ynskjer ein fastpris på kosting for heile oppdraget i henhold til prisskjema.

Fastprisen skal dekke alle kostnader som lønn, reisekostnader og administrasjon, som til dømes kilometergodtgjersle, utstyr, møter med oppdragsgjever osv.

Grusen/strøanden skal samlast opp og oppsamla massar skal leverast på godkjent deponi.

Grus/strøsand som ikkje inneheld forureining kan leverast eige deponi eller på deponi som er avtalt med kommunen.

Det skal leverast ein pris pr tonn innlevert grus.

Grus/strøsand skal fakturerast etter innlevert masser.

I prisskjema kan leverandør legge inn pris for levert ikkje-forureina masse til enten godkjent deponi D, eller på eige/kontraktøren sitt deponi E. For å legge inn pris i E/eige deponi skal leverandøren legge ved ein beskriving av eige egne deponi.

Faktura skal delast på veg og bygg når den sendes til Vindafjord kommune.

Kontraktøren skal halde oppdragsgjever informert om framdrift vekentleg, eventuelt via digital køyrebok. Eksempelvis MLOGG.





## **Moment i avtale**

Avtalen kan ikkje seiast opp mellom 1. november og 1. mars i avtaleperioden.

Kommunen er utan ansvar for skader Leverandør påfører seg sjølv, sin bil/traktor eller utstyr under kontraktarbeidet. Likeins for uvanlege hendingar eller naturkatastrofe. Leverandør er ansvarleg for skader påført tredjemann.

Vindafjord kommune har rett til å montere utstyr på køyretøy og leverandør pliktar å ta i bruk oppdragsgjevar webbaserte system for oppfølging og rapportering av vintervedlikehald. Det er Vindafjord kommune som er lisenseigar og behandlingsansvarleg i henhold til GDPR for personopplysningar som handterast i løpet av kontraktperioden. Dersom Vindafjord kommune vel å bytte systemleverandør, pliktar leverandør å ta i bruk det gjeldande system som vert nytta. Ved bruk av system som nyttar mobiltelefon eller nettbrett til rapportering, skal slik utstyr stillast til disposisjon utan kostnadstillegg.

Datoen er dagmulktbelagt.

## **1.3 Kontrakt**

### **1.3.1 Kontrakten består av:**

Dette konkurransegrunnlaget med vedlegg  
Leverandørens tilbod  
Eventuelle forhandlingar

Kontrakten blir regulert av standard innkjøpsvilkår for Vindafjord kommune.

## **1.4 Varigheit**

Kontrakten strekkjer seg over 2 år. Oppdragsgivar kan forlengja avtalen med 1 + 1 år. Dersom Vindafjord kommune ikkje gjer noko før det er 3 månader igjen til kontrakten går ut, er opsjon for eitt år utløyst. Dersom VK ikkje ønskjer å utløysa opsjon skal dette varslast skriftleg seinast 3 månader før gjeldande avtaleperiode går ut. Tilsvarande fristar gjeld i opsjonsåra.





## **1.5 Verdi**

Forventa verdi av kontrakten i avtaleperioden er mellom 1 000 000 og 4 000 000 NOK eks. mva. viss opsjonsårene blir nytta. Berekinga er basert på historiske tal. Verkeleg uttak på rammeavtalen kan bli mindre. Forventa verdi medfører ikkje tilsvarande kjøpsplikt. Leverandøren kan ikkje krevja meir kjøp under rammeavtalen enn det som følgjer av behova og ynskjer til kommunen. Leverandøren kan heller ikkje krevja kompensasjon dersom faktisk kjøp blir lågare enn forventa. Det angitte volumet er å forstå som eit maksimalt uttak på avtalen

### **1.3.5 Rett til prisregulering:**

Arbeidskostnadene i denne avtalen kan krevjast regulert årleg av begge partar. Prisregulering må krevjast med minimum 30 dagars skriftleg varsel forut for prisreguleringstidspunktet angitt i eige punkt nedanfor. Den parten som krev prisregulering er ansvarleg for å senda varsel, og dessutan utarbeida grunnlaget for prisreguleringa.

Grunnlaget for prisreguleringa skal leggjast fram saman med varselet, og det er den indeksverdien som er tilgjengeleg ved varslingstidspunktet som skal nyttast som grunnlag for reguleringa. Begge partar kan krevja eit møte gjeldande prisreguleringa. Varsel om slikt møte må setjast samtidig fram med utsending av krav om prisregulering eller seinast sju dagar etter mottak av slikt krav. Krav om prisregulering blir rekna godteke med mindre innvendingar er fremja innan 14 dagar etter motteke varsel, føresett at kravet er sendt innan fristane angitt ovanfor.

Dersom prisregulering ikkje trengst innan angitte fristar, fell ikkje retten til å krevja prisregulering bort. For krav sendt etter fristane angitt ovanfor kan nye prisar tidlegast blir gjort gjeldande 30 kalenderdagar etter at varsel om prisregulering er motteken. Opphavleg reguleringstidspunkt blir lagt til grunn for utrekning av nye prisar, under dette nivå for relevant indeks. Neste års reguleringstidspunkt blir ikkje forskove i slike tilfelle.

#### **Indeks for prisregulering**

Arbeidskostnadane skal regulerast med utgangspunkt i SSB 08660: Kostnadsindeks for drift og vedlikehald av vegar i alt

#### **Tidspunkt for prisregulering**

Tidspunkt for regulering blir rekna med utgangspunkt i dato for signert avtal. Første reguleringstidspunkt er tolv månader etter oppstartsdatoen til avtalen, andre reguleringstidspunkt 24 månader etter oppstartsdatoen til avtalen og tilsvarande framover så lenge avtalen varer.

## **1.6 Deltilbod**

Det er ikkje adgang til å gje tilbod på deler av oppdraget.





## 1.7 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	29.02.2024 kl 12:00
Frist for å levere tilbud	11.03.2024 kl 12:00
Tilbudsopning	11.03.2024 kl 12:00
Evaluering	12.03.2024
Val av leverandør og melding til leverandørar	13.03.2024
Utløp av karenperiode	11 dgr
Kontraktsinngåing	25.03.2024
Tilbudet sin vedståingsfrist	31.05.2024

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter opning av tilboda er førebelse. Ei eventuell forlenging av vedståingsfrist kan berre skje med samtykket til leverandøren.

## 1.8 Forbehold

For anskaffingar over kr 100 000 forbeheld kommunen seg retten til å gå ut på anskaffing.

## 2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBUD

### 2.1 Anskaffingsprosedyre

Innkjøpet blir i samsvar med gjennomført lov om offentlege innkjøp av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege innkjøp (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del III. Kontraktstildeling vil bli gjennomført etter prosedyren open anbodskonkurranse, jfr. FOA § 13-1(1). I denne konkurransen er det ikkje høve til å forhandla. Det er følgjeleg ikkje høve til å endra tilbudet etter utløpet av tilbodsfristen.

Vidare blir det gjort merksam på at tilbud som inneheld vesentlege avvik frå innkjøpsdokumenta skal avvisast etter forskrift om offentlege innkjøp § 24-8(1) b. Oppdragsgivar kan avvisa tilbud som inneheld avvik frå innkjøpsdokumenta, uklarleikar eller liknande som ikkje må reknast som ubetydelege, \*jfr. § 24-8 i forskrifta(2) a.

Leverandøren blir derfor oppmoda på det sterkaste til å følgja dei anvisningane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt @@sette spørsmålsteikn ved uklarleikar via oppdragsgivars KGV. Tilbudet skal utarbeidast etter retningslinjer gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og leverast elektronisk ved å nytta oppdragsgivars KGV.

Krav til løns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.





## **2.2 Krav til lærlingar**

Kontrakten vil innehalde krav til lærlingar i samsvar med forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar (FOR-2016-12-17-1708). Skatteattesten skal ikkje være eldre enn 6 månadar rekna frå fristen for å levera søknad om prekvalifisering eller tilbod.

Ved bygge- og anleggskontraktar skal også alle underleverandørar levera skatteattest ved inngåing av kontraktar i tilknytning til oppdraget, som overstige kr 500 000 ekskl. mva.

## **2.3 Offentlegheit og teieplikt**

For allmenta si innsynsrett i dokument til den offentlege anskaffingar gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og den tilsette plikter å hindra at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vera av konkurranse messig betydning å hemmeleghalde, jf. FOA § 7-4, jf. forvaltningslova § 13.

## **2.4 Vedståingsfrist**

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.5 ovanfor.

## **2.5 Kommunikasjon**

All kommunikasjon, som til dømes spørsmål til konkurransen eller endringar av konkurransegrunnlaget, skal skje i Oppdragsgjevars konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) Mercell. Alle spørsmål og svar vil Oppdragsgjevar gje anonymitet og senda til dei leverandørane som har meldt si interesse via KGV Mercell.

Dersom Leverandør oppdagar uklarheiter eller feil i konkurransegrunnlaget, skal det stillas spørsmål så snart som mogleg.

## **2.6 Språkkrav**

Alle dokument, og anna kommunikasjon knytt til søknad om prekvalifisering og tilbod, skal vere på norsk. Det er anledning til å levera vedlegg og dokumentasjon på engelsk, svensk eller dansk der dokumentasjon ikkje finst på norsk. Vedlegg på andre språk skal følgjast av autorisert omsetting til eit av de tillate språk, primært norsk.

## **2.7 Oppdatering av konkurransegrunnlaget**

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert sin interesse for anskaffingar i KGV.

## **2.8 Tilleggsopplysningar**

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg veiledning, eller er uklare, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgjevar via KGV.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette blir formidla til oppdragsgivar via KGV.



## 3 DET EUROPEISKE EGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)

### 3.1 Generelt om ESPD

Som ein foreløpig dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav, at det ikkje føreligg grunnar for avvising og eventuelt oppfylling av utveljingskriterier skal leverandøren fylle ut ESPD skjema gitt i Merzell. Skjemaet skal fyljast ut i forbindelse med søknad om prekvalifisering. Den eller dei leverandørane som vert innstilt til kontraktsinngåing må før inngåing av kontrakt dokumentera oppfylling av kvalifikasjonskrava i henhold til dei opplyste dokumentasjonskrav.

Oppdragsgjevar kan på eit kvart tidspunkt i konkurransen be leverandørane levara alle eller deler av dokumentasjonsbevisa dersom det er nødvendig for å sikre at konkurransen gjennomførast på rett måte, jf. FOA § 17-3 (3).

Dersom fleire leverandørar deltar i konkurransen i fellesskap, skal dei deltakande leverandørane levara separate egenerklæringar.

### 3.2 Nasjonale grunnar for avvising

I henhold til ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisingsgrunnar som er fastsett i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgjvarens medlemsstat» Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn kva som føl av grunnar for avvising gitt i EUs direktiv om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det presiserast derfor at i denne konkurransen gjeld og alle grunnar for avvising i anskaffingsforskriftas § 24-2, inkludert dei reint nasjonale grunnane for avvising.

Følgjande grunnar for avvising i anskaffingsforskrifta § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne bestemmelsen er det angitt at oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for de angitte straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte straffbare forholda er eit særnorsk krav.
- 24-2(3) bokstav i. Grunn for avvising i ESPD skjemaet gjelder kunn alvorlege feil i yrkesutøvinga, mens den norske grunnen for avvising også omfattar andre alvorlege feil som kan medføra tvil om leverandørens yrkesmessige integritet.

## 4 KVALIFIKASJONSKRAV

For å kunne få sitt tilbud evaluert må leverandøren fylle ut det elektroniske egenerklæringsskjemaet (ESPD) om at han oppfyller samtlege av de kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

### 4.1 Leverandørens registrering, autorisasjon mv.

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal være registrert i et foretaksregister, fagleg register eller registrert i et handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Norske selskap: Firmaattest</li><li>• Utanlandske selskap: Godtgjering på at selskapet er registrert i et foretaksregister, fagleg register eller et handelsregister i den staten leverandøren er etablert.</li></ul>





## 4.2 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten.	Leverandør skal ha økonomisk kapasitet til å gjennomføre kontrakten, dokumentasjon på kredittverdighet, ikkje mindre en B eller på annan måte dokumenterer tilfredsstillande økonomisk kapasitet.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å framlegga den dokumentasjon oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å framlegga eitkvart annet dokument som oppdragsgivar anser eigna.

## 4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag.	<ul style="list-style-type: none"><li>Relevant erfaring skal dokumentere ved å oppgi inntil 3 referanseprosjekt frå de siste 3 år. Dersom det vert oppgitt fleire enn 3 referanseprosjekt, vil kunn de fem første bli vurdert.</li></ul>

## 4.4 Underleverandørar

Leverandøren kan ikkje for denne kontrakten støtte seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet.

# 5 TILDELINGSKRITERIER

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva tilbod som har det beste forholdet mellom prisen og miljø.

Vurderingstema	Krav til dokumentasjon	Vekting
<ul style="list-style-type: none"><li>Under dette kriteriet tilbudd pris vurdert.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Ferdig utfylt prisskjema</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>70%</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>Miljø, utslepp</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Drivstoff/energiberar på køyretøy</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>30%</li></ul>





### 5.1 Evalueringsmetode

Me ber om at leverandørane i tilbodet sitt gir ei framstilling på løysinga si på ein slik måte at det gir oppdragsgivar høvet til å eit val ut frå kriteri i punkt 5.

Det blir gitt 10 poeng til tilbodet med lågast totalpris. Lågaste totalpris får 10 poeng, medan dei andre tilboda får poeng ut frå følgjande formell: Lågaste pris/aktuell pris x \*10For utslepp nyttar me drivstoffmatrisa for tunge køyretøy som er utarbeidde av DFØ og Miljødirektoratet.

<https://anskaffelser.no/sites/default/files/2023-12/Drivstoffmatrise%20versjon%201.3%20desember%202023.png>

Poeng blir tildelt etter følgande berekning

Type	Drivstoff/energiberar	Poeng
Nullutslepp	Elektrisk	10
Nullutslepp	Hydrogen	9
Avansert biodrivstoff	Biogass	8
Avansert flytande biodrivstoff	HVO 100, ED 95 Bioetanol	6
Konvensjonelt flytande biodrivstoff	HVO 100, ED 95 Bioetanol, B 100	6
Konvensjonelt drivstoff	Naturgass	0
Konvensjonelt drivstoff	Diesel/bensin	0

### 5.2 Evalueringsmetode

Ved evaluering vil det bli nytta lineær metode og det vil bli gitt poeng på ein skala frå 0-10 poeng. Beste tilbud innanfor eit kriterium vil bli gitt 10 poeng, medan det blir gitt poeng som speglar forskjellane i tilboda nedover for andre tilbud. Poengsummane blir multipliserte med angitt vekting og blir summerte.





## 6 INNLEVERING AV TILBUD

Tilbudet skal leverast via Mercell

Tilbudet skal i sin heilskap leverast etter den utforminga oppdragsgivars KGV angir, innan tilbudsfristen. Innlevering av tilbud pr e-post eller liknande vil medføra avvising av tilbudet.

Tilbudet skal vera bindande. Leverandøren har risiko for uklarleikar i tilbudet.

### 6.1 Tilbudets utforming

Leverandøren skal fylle ut og besvare alle punkter i konkurransedokumenta. Dokumentasjon skal lastas opp som pdf-filer dersom ikkje annet format er spesifisert. Prisark skal lastas opp som Excel-fil.

Dokumenter som skal fyllast ut og leverast med tilbudet er:

- Tilbudsbrev
- Besvarelse kvalifikasjonskrav punkt 4.
- Besvarelse tildelingskriteriet punkt 5.
  - Leverandørens egen beskriving av miljø
  - Vedlegg 1 Prisskjema
- Vedlegg 5 Tilbudsbrev
- Vedlegg 6 Lønns- og arbeidsvilkår
- Vedlegg 7 HMS erklæring.docx

## 7 Vedlegg

- Vedlegg 1 Prisskjema
- Vedlegg 2 Standard innkjøpsvilkår Vindafjord kommune
- Vedlegg 3 Tilbudsbrev
- Vedlegg 4 Lønns- og arbeidsvilkår
- Vedlegg 5 HMS erklæring.docx
- Område 1
- Område 2

